

Hyllestad Kommune


Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

Merknadsskjema

Saks Nr.	Frå	Innspel	Saksbehandlars vurdering
Offentlege merknader			
3	Kystverket	- For maritim verksemd, bruk av sjøen og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk, er det viktig at samfunnsplanen vert framtidsretta og gir premisser for avklaring av arealbruk på sjø og land. - <u>Det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøareal i samanheng med eksisterande og framtidige nærings- og industriareal, vegar, bustad- og sentrumsområde mv. Alle vekstnæringar treng velfungerande logistikklysingar, gode areal og eit godt samspel med omgjevnadene.</u> - Ang. Arealdel og andre planar: kommunen må vere observant på at det ikkje vert lagt til rette for aktivitetar som hindrar tryggleik og framkome på sjøen. - Rår kommunen å nytte seg av Kystverket sin kartteneste «Kystinfo» i planleggingsfasen. - Ber om at det i planarbeidet vert synleggjort korleis innspel er tatt vare på.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.9 Samferdsle og infrastruktur og kap. 2.6 Økonomisk berekraft og verdiskaping.
4	Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)	Regjeringa forventar: 1. Viktige mineralførekomstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning blir vege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. 2. Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større bygge- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.6.1. Næring og Verdiskaping Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.10 Areal, natur og kulturminne




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		<u>I arbeidet med planstrategien bør det gjerast ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar.</u> - Temaet mineralressursar bør tas med ved rullering av samfunnsdelen og overordna føringar, før revisjon av arealdelen. - Samfunnsdelen bør gjere greie for tilgangen til byggeråstoff i kommunen og korleis mineralressursane skal forvaltast lokalt. - Arealdelen er eit viktig verktøy for å synleggjere viktige mineralressursar og -uttak i tråd med nasjonale mål og forventningar, òg ein god moglegheit for å gjere ei overordna vurdering av om kommunen har tilgang på naudsynte byggeråstoff for å realisere planlagt utbygging. Dette kan til dømes innebære at kommunen vurderer om det i arealdelen er satt av tilstrekkeleg areal til råstoffutvinning og mellomlagring av massar, i tillegg til at viktige mineralførekomstar er sikra mot nedbygging. Vi viser her òg til våre innspel i fråsegn til høyring av kommuneplanens arealdel for 2020-2032, datert 7. mai 2021. - Ved større utbyggingsprosjekt er det viktig at mineralske massar av god kvalitet blir vunne att som byggeråstoff framfor å bli deponert permanent. Auka bruk av overskotsmassar kan redusere presset for å opne nye masseuttak, utvinning av grus- og pukkførekomstar og behovet for massetransport. Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vere eit nyttig verkemiddel for å avklare moglegheiter og rammar for ein meir sirkulær mineralressursbruk, til dømes gjennom ein temaplan for masseforvaltning.	
5	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<u>Råd: ROS og oppdatert kunnskapsgrunnlag:</u> - *NGI sine gamle aktsemdkart skal ikkje nyttast lenger. Bruk NVE sine nye aktsemdkart innanfor snøskred, jord- og flaumskred og kvikkleire i planarbeidet. <u>Råd: Naturfare og klimaendringar:</u> - Sett av nok areal til å handtere naturfare, for å forebygge skadar frå flaum, skred, osv. - <u>Tilpassing til forventta klimaendringar og ei heilskapleg forvaltning av krinsløpet til vatnet ei planoppgåve (PBL § 3-1 g og i). Den heilskaplege forståinga av krinsløpet til</u>	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.11 Samfunnstryggleik og beredskap KPS under Overordna føringar og omsyn



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

vatnet og korleis dette blir påverka av tiltak, er avgjerande for å få til ei trygg utbygging.

- Kommunen sin planstrategi bør gi ei tydeleg retning på korleis samfunnet skal tilpassast naturfare på lang sikt og i eit endra klima.

Råd: Arealstrategi:

- I samanheng med samfunnsdelen bør det utarbeidast ein arealstrategi. Den bør omtale at framtidige utbyggingsområde i utgangspunktet ikkje bør plasserast i områder utsett for naturfare. Arealstrategien bør også ha mål om at det ikkje skal opnast for utbygging og tiltak i vatn og vassdrag.
- I utbyggingsområde bør overvatn handterast på overflata. Vi tilrår å ta utgangspunkt i dei naturlege vassvegane. Frå arealstrategien bør det komme frem at det må setjast av store nok samanhengande areal i utbyggingsområde for å vareta trygg bortleiing av overvatnet på overflata i framtida. Det bør være tydeleg på at bekker ikkje skal lukkast og sjå på om det er mogleg å opne lukka bekkar.
- Samfunnsdelen bør gi føringar for bruk og vern av areal med flaumdempande verknad, (våtmark, myr, parker, elvebredder og skog). Sikring mot naturfare og god overvatn- og vassdragsforvaltning er eit viktig bidrag for å oppnå fleire av FN sine berekraftsmål, som berekraftige byer og lokalsamfunn, og stoppe klimaendringane.

Råd: Vassdragsmiljø:


- I planlegging og utføring av infrastrukturtiltak: Utfylling/inngrep i lågpunkt og/eller i vassdrag kan gi endra dryging som kan gi auka fare for flaum og tørke.
- Vassdraga (små og store), sona mellom vatn og land, er viktige levestader for mange av våre plante- og dyreartar. Inngrep i og langs vassdrag kan innebære uopprettelege tap av habitat og svekking av dyre- og planteliv, økosystem, landskapsverdiar med meir.

Generelle føringar: Rundskriv H-5/18

- [Samfunnstryggleik i planlegging og byggesakbehandling](#) Kap 2.6 gir rettleiing i innarbeiding i planstrategien.
- Planstrategien bør de ta stilling til kva gjeldande arealplanar som bør reviderast ut frå omsynet til samfunnstryggleik. Trekt fram i [Meld. St. 27 \(2023-2024\)](#)

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft

KPS 2026-2036 kap 6 Arealstrategi




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		<u>Generelle føringar: Statleg planretningslinje for klimatilpassing kap. 4.3</u> - <u>I planstrategien skal det gjerast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber eit behov for oppheving eller revisjon av gjeldande planar.</u> Viktigheita av oppdaterte arealplanar er peika på fleire stader i St.meld. 26 (2022-2023) "Klima i endring", mellom anna på side 49-50. <u>Generelle føringar: Fylkesvise klimaprofilar</u> - For alle fylka i landet er det laga klimaprofilar. Klimaprofil for Sogn og Fjordane gir eit kortfatta samandrag av klimaet, forventa klimaendringar og klimautfordringar i Hyllestad kommune. <u>Generelle føringar: Nasjonale forventningar 2023-2027</u> - Følgje forventningane, planane må vere oppdaterte. Òg knytt til miljø, natur og klima, og samfunnstryggleik. Vi viser til Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing - regjeringen.no <u>Generelle føringar: Energi og energibruk</u> - I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 (regjeringen.no) - forventningar knytt til klima og energi. - Kommunane legge til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i områder med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn (forventning nr. 32). - Tilgang på kraft og tilhøyrande infrastruktur er ein premiss for planarbeid tilknytt etablering av nye næringsareal. Kommunen kan søkje NVE om <u>økonomisk støtte</u> til kartlegging og sikring mot naturfare, og dessutan miljøtiltak for minka vassdrag. Støtta til kartlegging og sikring gjeld område der det i dag finst eksisterande busetnad.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft
6	Statsforvaltaren i Vestland	- Vil ha barn og unge som eit særskild satsingsområde framover samt oppfølging av FN sin barnekonvensjon. - Oppmodar kommunane om å gjere det same og minner mellom anna om gjeldande Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging og at kommunen må ta stilling til korleis førebyggjande plan for barn og unge (etter barnevernslova § 15-1) kan følgjast	<i>Notat: 1 av 2 innspel frå Statsforvaltar. Innspelet generelt og sendt til fleire kommunar. Er retta mot kommunar som ikkje har våre i dialog med Statsforvaltaren om utarbeidinga av ny planstrategi*</i>




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

	opp i andre kommunale planar som til dømes samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Kommunane skal ha oversikt over befolkninga sin helsetilstand jf.: - Folkehelselova § 5 set krav om ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen - Kommunane skal òg ha: «oversikt over behovet/or både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter plan- og bygningsloven§ 10-1 », jf. Lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, § 5. Statsforvaltaren rår vidare kommunane til å setje seg godt inn i pbl. §§ 1-1 og 3-1, og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Vi oppmodar særleg kommunen om å sjå på fylgjande tema: - <u>Planvask: 1. korleis møter eksisterande planar dagens utfordringar? 2. er nokre av temaa under ikkje godt nok innarbeidd i planen (t.d. landbruk, naturmang/aid og klima)?</u> - Klima -gjer venta endringar at utbyggingsområde er ueigna? - Endringar i befolkningsamansetting - legg ein opp til rett vekst (er det føreseie/eg og realistisk)? - Folkehelse - motverkar de sosial helseulikskap? - <u>Beredskap - unngår de uheldig samlokalisering (faresoner), er det lagt vekt på forebygging og legg dette nye føringer for omdisponert areal (landbruk)?</u> - <u>Landbruksareal - kor mykje areal er sett av til andre føremål?</u> - Barn og unge - er konsekvensar for barn og unge lagt vekt på: område for leik, avstandar, tryggleik for mjuke trafikantar, integrering av barn som veks opp i fattigdom? - Naturmangfald på land - er område med store verdiar tekne omsyn til, varetaking av generelt og spesielt naturmangfald, nøkkelartar, truga artar osv. - Naturmangfald i sjø - er det sett av rett arealføremål, har kommunen kjennskap til naturmangfaldet og tek ein nok omsyn til vassressurslov og raud lista artar og naturtypar i sjø.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.5 Sosial berekraft: Folkehelse Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.11 Samfunnstryggleik og beredskap Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft
--	--	--




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		- Organisering - er kommunen budd på venta endringar - CRPD - korleis arbeider kommunen med å sikre rettane til folk med nedsett funksjonsevne? - Massehandtering - unngår de transport, ureining og lagringsbehov? - Landskap - kva er særmerkt med landskapet og korleis tek de vare på dette? <u>Arealrekneskap vil kunne bli ein viktig reiskap. Stortinget har vedteke ein ny nasjonal strategi om at det i Noreg ikkje skal omdisponerast meir enn 2000 dekar, og at dette målet skal nåast seinast innan 2030.</u>	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.10 Areal, natur og kulturminne
8	Statens Vegvesen	I høve vegvesenet sine interesser i planstrategien er vi positive til at kommunen vil prioritere å sikre eksisterande infrastruktur og få vedtatt kommuneplanens arealdel. Ved gjennomgang av eldre reguleringsplanar tilrår vi at det <u>vert gjort ein kritisk gjennomgang av etableringar i LNF-områder</u>. Fortetting av eksisterande byggeområder er mindre krevjande trafikalt enn spreidd busetnad. Vi oppmodar også kommunen om å fortsette med å arbeide aktivt for å oppretthalde god trafikksikkerheit og statusen som trafikksikker kommune. Dette gjeld for alle trafikkant grupper, men særskilt for barn og unge. Vi ser det og som positivt at kommunen vil vurdere planstrategien opp mot FN sin berekraftsmål samt nasjonale og regionale føringar.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.9 Samferdsle og infrastruktur
11	Mattilsynet	På område drikkevatt: - FNs berekraftsmål famnar om ei rekkje tema med behov for utvikling i åra som kjem, og det er viktig at området vassforsyning vert prioritert i arbeidet. (FNs berekraftsmål 6 og 3). FNs mål 9: I tillegg er det stort fokus på infrastruktur, vidareutvikling og modernisering. - FNs mål 11: tilgang til grunnleggjande tenester og berekraftig bruk av ressursane. - FNs mål 12: «Ansvarlig forbruk og produksjon». - FNs mål 15: "Livet på land": plantehelse, dyrevelferd, berekraftig bruk av ferskvassbaserte økosystem. - Nasjonale mål: vedtatt av regjeringa i 2024, har konkrete mål som skal ivaretakast spesielt for å sikre vassforsyninga til befolkninga. I plansamheng: sjå mål 5, 6, 11 og 12.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

Samanheng mellom KPS og KPA:

- Mattilsynet ser på vern av drikkevasskjelder og vasstilsigsområde (nedslagsfelt) som særskilt viktig for å sikre kommunen sine innbyggjarar tilfredsstillande drikkevassforsyning.
- Omsynssoner bør etablerast rundt både overflatevasskjelder og grunnvasskjelder, og både for kommunale og private vassforsyningssystem.
- I tillegg til å sikre nødvendig areal i vasstilsigsområda er det viktig at det vert utarbeidd føreseigner til omsynssonene som er så dekkjande og presise at dei hindrar uønskt aktivitet i vasstilsigsområda. Slike føreseigner må vere juridisk bindande.

Hovudplan for vatn og avløp:

- Mattilsynet ga innspel til planoppstart kommunedelplan vatn, avløp og vassmiljø i 2023. Det er gunstig at planar som omhandlar vassforsyning, avløp og vassmiljø vert sett i samanheng, og dette er i tråd med plan og bygningslova §3-1 i). Viktig verktøy for å nå mål og strategiar. Plan er forventa vedteken i 2024.

Overordna ROS:

- ved revisjon av dokumenta er det viktig å vurdere om vassverka sin beredskap/ROS skal inngå i arbeidet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø bør også inngå som del av revisjonen. Kjende svakheiter i vassforsyningssystema bør spesielt takast omsyn til.
- Klimaendringar-utfordring: Med eit klima i endring (varmare, våtare, meir ekstremt) er det også auka fare for alvorlege hendingar på vassforsyningsområdet, som alvorleg forureining og smitte til drikkevatn eller bortfall av drikkevatnet i eit større område. Sabotasje/IKT-anslag bør også vere viktige moment i beredskapen. De bør også ha med hending med atomnedfall i planen.
- Vassforsyningsområdet: Hendingar vert delt inn i 3 nivå. Statsforvaltaren har ansvar for regional samordning og kriseleing. Det er viktig å få dette innarbeidd i ROS-analyse og i arbeidet med beredskapsplanen.

Mattilsynet forventar at nasjonale forventningar og mål samt lokale føreseigner for vern av drikkevatn og drikkevasskjelder vert følgt opp av kommunen i den vidare planprosessen.

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.9

Samferdsle og infrastruktur


KPS 2026-2036 kap 2 Viktige føringar og omsyn

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.11

Samfunnstryggleik og beredskap

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima-

og miljømessig berekraft




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

12	Fiskeridirektoratet	Positive til at kommunen skal utvikle ein eigen plan for energi, klima, miljø og naturmangfald. - Fiskeridirektoratet føreset at marint naturmangfald vert inkludert i planen. - Samfunnsdelen bør vere så konkret som mogleg når det gjeld dei næringane kommunen ynskjer å satse på og legge til rette for. Seie noko om kva mål, visjonar ein ynskjer å sette for utvikling og verdiskaping, eller kva strategiar ein følger for eit grunnlag for konkrete tiltak - som føre til reell auke i spesifikke næringsaktivitetar. - FNs berekraftsmål 14 er viktig: forvalte og verne økosystema i havet og langs kysten, og redusere forureining. Det kan ikkje nås utan lokal innsats, og er viktig at måla blir ein del av grunnlaget i planlegginga + vere med på å bidra til realisering av måla. - Fiskeri og akvakultur: ber om at fiskeri- og akvakulturæringane får ein eigen omtale i samfunnsdelen, og ikkje omtalast generelt. Eksisterande aktivitetar, strategiar, mål, moglegheiter, konkrete tiltak og/eller utfordringar for næringane bør skildrast (og takast med i handlingsdelen). Viktig: sikre god medverknad frå lokalt næringsliv i planarbeidet - ta kontakt med representantar frå fiskeri- og akvakulturnæringane. Vekst i desse næringane er avhengige av oppdaterte arealplanar som legg føring i bruken. Kommune bør ha klare og føreseielege strategiar og mål for næringa, og arealbehovet bør sjåast i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Innovasjon og utvikling innan akvakultur: Arealbruk knytt til m.a. akvakultur på land/nye artar kan vere meir arealkrevjande enn tradisjonell akvakultur. Det kan vere aktuelt i andre område enn dei som tidlegare har blitt sett av til akvakultur. Klargjer kommunens sine strategiske val til utvikling og arealbruk for kystsona og land - vil verke avklarande, føreseieleg og konfliktdempande. Opptekne at kommunane ser samanheng mellom bruk av land og sjø i alt planarbeid. Bidra til å redusere konfliktrar i sjø og sjønære område. Det er viktig at planlegging av areal til utbygging i strandsona ikkje kjem i konflikt med fiskeri- og akvakulturinteresser eller delar av naturmangfaldet i sjø (ressursgrunnlaget for næringane).	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.6 Økonomisk berekraft og verdiskaping




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		- Marint biologisk mangfald: planlegginga må ivareta marint biologisk mangfald - spesielt viktig. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, hindre tap av natur og sikre naturmangfald. Tydlege mål og avklaringar er viktig for at verdiane skal forvaltast på ein god måte. Vi vil difor rå til at samfunnsdelen har klare mål og strategiar når det gjeld arealbruk, natur- og miljøvern. Vi oppmodar kommunen til å lage ein strategi for bruk av både strandsona og sjøområda. Ivaretaking av det marine miljøet og spesielt viktige naturtypar i sjø høyrer med. - Marin forsøpling: Vurder problematikken rundt marin forsøpling, erkjenn og ta ansvar. Ein kommunal tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling, tilpassa lokale forhold, kan vere ein god start. Kommunen kan identifisere historiske og ulovlege deponi eller søppelfyllingar ved sjø/vassdrag, ta initiativ til ryddeaksjonar og etabl. lokale ordningar retta mot lag og org. for gjennomføring av mindre ryddeprosjekt. Tiltak: legge til rette for god avfallshandtering i hamner, utfartsområde og badeplassar. I kommunen sin hovudplan for avlaup kan det innarbeidast mål og tiltak for hindre at avfall, inkludert mikroplast, vert sleppt ut i det marine miljøet saman med avlaups- og overvatn. Konkrete tiltak kan vidare vere å hindre utslepp av gummigranulat frå kunstgrasbanar, og å sikre at kommunen har tilstrekkeleg kapasitet til snødeponi på land slik at ein unngår dumping av brøyta snø i sjø.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft
14	Statsforvaltaren i Vestland	- Overlapp mellom arealdelen og samfunnsdelen i 2025. <u>Ideelt sett bør arbeidet med samfunnsdelen prioriterast først slik at kommunen får på plass grunnlaget for å gjere val og prioriteringar i arealdelen. Planstatus for desse to sentrale overordna planane er naturlegvis eit viktig utgangspunkt/grunnlag for innhaldet i planstrategien.</u> - Viser til rettleiar T-1492 frå Miljøverndepartementet om kommuneplanprosessen – samfunnsdelen - handlingsdelen, om kva eit planprogram og ein samfunnsdel skal omfatte. - Planprogrammet skal vere realistisk og utgreiingane skal vere relevante for dei vurderingane som skal gjerast og dei avgjerdene som skal takast. - Det nyleg utvikla arealrekneskapet for kommunar i Vestland vil kunne vere eit nyttig verktøy i arbeidet med å forankre det politisk. T.d. bør behov for utbyggingsareal i	



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn


Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

- ulike føremål dokumenterast og grunngjevast i samfunnsdelen slik at omfanget av utbyggingsformål i arealdelen samsvarar med behovet.
- I distriktkommunar: krevjande demografisk utvikling og negativ folketalsutvikling. Kommunen bør difor, med utgangspunkt i fakta og prognosar for utviklinga, danne seg eit reelt utfordringsbilete som grunnlag for arbeidet med revisjon av samfunnsdelen.
- Viser til merknadene i det følgjande som omfattar både planstrategiarbeidet, samfunnsdelen og dels arealdelen, pga. overlapp og samanheng.**
- Vi ser det som viktig at det vert jobba med arealstrategiar i samfunnsdelen først. Nasjonale og regionale rammer og føringar for arealplanlegginga er eit viktig grunnlag for dei kommunale arealstrategiane, med tilpassing til dei lokale tilhøva og utfordringane i kommunen.
 - Vi tilrår at planstrategien seier noko om rydding i, og oppdatering, av eldre reguleringsplanar. Statsforvaltaren ser det som aktuelt å ta dette med i planstrategien som ei planoppgåve som bør prioriterast. § 11-8 tredje ledd bokstav f i plan- og bygningslova opnar for at gjeldande reguleringsplanar kan vidareførast uendra. Det er eit lovkrav at kommunen då skal gå gjennom dei eldre planane, og vurdere om innhaldet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Ein slik gjennomgang har ikkje krav om ein ordinær prosess etter § 12-14 – det er tilstrekkeleg om kommunen gjer ei overordna vurdering av planane som skal vidareførast med omsynssone 910.
 - Dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Pr no er FN måla kun nemnd under temaet "Natur, miljø, klima og samfunnstryggleik". Vi tilrår framheva berekraftsmåla på ein tydelegare måte, og presisere at dei skal leggjast til grunn for planarbeidet. Det står også her at FN sine berekraftsmål ikkje er særleg godt forankra i samfunnsdelen. Vi legg til grunn at dette vert retta opp gjennom revisjonsarbeidet av samfunnsdelen.
 - Folkehelse: Planstrategien skal bygge på ei samla folkehelseoversikt for kommunen. Oversikta skal ligge til grunn for ei langsiktig og systematisk samfunnsutvikling, den

KPS 2026-2036 kap 6 Arealstrategi

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.1
Nasjonale forventingar
KPS 2026-2036 kap 2 Viktige føringar og omsyn




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

	skal utarbeidast kvart fjerde år og vere eit sjølvstendig dokument. Det er uheldig, og mot folkehelselova sine intensjonar, at de ikkje har utarbeidd ei oversikt over folkehelsa. I oppfølginga av planstrategien er det viktig at planane bygger på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om kommunen sine folkehelseutfordringar. - Barn og unge: Planarbeidet må ta omsyn til barn og unges oppvekstvilkår. Barn og unge skal ha moglegheiter og utfordringar som gir ein meningsfylt oppvekst og ha eit godt tenestetilbod (barnehagar, skular, idrettsanlegg, infrastruktur). I vidare planarbeid: viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premisser. Barn og unge er viktige informantar til korleis areal blir brukt, og «barnetråkk» kan vere eit godt verktøy til registrering. Kommunen kan også gjennomføre spørjeundersøkingar eller eigne møter med barne- og ungdomsgrupper. Nemnd at Hyllestad skal lage ein lokal oppvekstplan. - Aldersvenleg og universell utforming: Jobbe vidare med aldersvenleg samfunnsplanlegging. Satsinga blir vidareført frå Leve heile livet-reforma til den nye Fellesskap og meistring – Bu trygt heime. Aldersvenleg samfunnsplanlegging: inkluderande og tilgjengelege nærmiljø som byr på fysisk og sosial aktivitet - her er universell utforming ein føresetnad for å oppnå like moglegheiter. - Kommunen bør sette rekrutterings- og kompetanseplanlegging på dagsorden i samfunnsplanlegginga. Langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene er naudsynt for å sikre fagleg forsvarlege tenester. For å sikre ei berekraftig utvikling av helse- og omsorgstenestene. - Integrere CRPD i overordna planverk, kan bidra til å sikre nødvendig forankring. Det kan difor vere nyttig at dette blir løfta inn i planarbeidet. (FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)). Jobbe aktivt for å nå likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. - Statsforvaltaren sitt generelle inntrykk er at kommunane framleis har ein veg å gå med omsyn til å arbeide tilstrekkeleg systematisk og strukturert med samfunnstryggleik og beredskap. Årsaka kan mogelegvis vere manglande prioriteringar, m.a. som følgje av at temaet ikkje er gjeve tilstrekkeleg merksemd i overordna planar. Vi ser difor behov for større merksemd på samfunnstryggleiks- og	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.5 Sosial berekraft: Folkehelse KPS 2026-2036 kap 7 Kommuneplanprosessen og medverknad Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.4 Bustader og stadutvikling
--	---	---



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

beredskapsarbeidet i kommunane.

Som eit minimum bør kommunen følgje opp dei forventningane som går fram av Kommunal- og Moderniseringsdepartementets «Rundskriv H-5/18

Samfunnssikkerheit i planlegging og byggesaksbehandling» i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

- Vi saknar informasjon om kva strategiar ein har for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap for å sikre kontinuerleg, heilskapleg og systematisk arbeid med temaet på tvers av sektorar og fagområde.

- Det er viktig at kommuneplanen sin samfunnsdel legg overordna føringar for kommuneplanen sin arealdel. Vi oppmodar difor om at de i samfunnsdelen legg overordna mål for jordvern og at planvask inngår i dette der areal vert ført tilbake til LNF. Stortinget har redusert det nasjonalt jordvernmålet til 2000 dekar per år. Hyllestad kommune sin «del av dette» vil vere 0-3 dekar per år, noko som samsvarer godt med den faktiske nedbygginga som er rapportert i Kostra.

- Landbruket er ei viktig næring i Hyllestad og viktig for kulturlandskapet og kystlyngheia. Kommunen har i dag 9 føretak med mjølkekyr, 8 føretak med ammekyr og 23 føretak som driv med sau. Jordbruksarealet utgjer 5,3 % av arealet i kommunen, der 34 % av slåttearealet og 60 % av innmarksbeite ikkje lenger er i aktiv drift. Det er viktig at kommune følger opp driveplikta.
- Aktiv landbruksdrift medfører fare for forureining av vassdrag. Saman med spreidd avløp er dette ei utfordring for vasskvaliteten i fleire vassførekomstar i kommunen. Dette gjeld særleg for vassførekomstane Bogsvatnet- Langelandsvatnet-Lona- Espelandsvatnet bekkefelt og Espelandsvatnet.
- Gjennom landbruksforvaltninga kan kommunen bruke tilskot og støtteordningar målretta for å redusere utsleppa frå jord- og skogbruk og vere ein pådrivar og motivator for å gjere landbruksproduksjonen mest mogleg klimavenleg.
- I Hyllestad er 2,9 % av arealet myr. Nedbygging av myr fører til store utslepp av klimagassar. Det er enno ikkje vedtatt eit forbod mot bygging på myr, men kommunen kan allereie no unngå at myr vert øydelagt.

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.11


Samfunnstryggleik og beredskap

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.6

Økonomisk berekraft og verdiskaping

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7

Klima- og miljømessig berekraft



Hyllestad Kommune


Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

- I planprogrammet for revisjon av samfunnsdelen er det også omtalt at det skal lagast ein eigen temaplan for energi, klima, miljø og naturmangfald, men at dette også er eit tema som i større grad bør drøftast i arbeidet med revisjon av samfunnsdelen. Statsforvaltaren er samd i at dette er eit viktig tema, som må komme tydelegare fram i samfunnsdelen.
- Vi saknar ein konkret omtale av kommunen sine miljøutfordringar i planstrategien. Vi tilrår at dette vert innarbeidd under tema "Natur, miljø, klima og samfunnstryggleik" i planstrategien. Vi legg elles til grunn at miljøutfordringane i kommunen vert grundigare drøfta i temaplanen for energi, klima, miljø og naturmangfald.
- Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål og naturavtalen, som mellom anna legg vekt på at ein skal redusere øydelegging av habitat og stoppe tap av biologisk mangfald. Når det gjeld naturmangfald bør ein i arbeidet med planstrategien drøfte kunnskapsstatus i kommunen. Korleis er kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i sjø, vassdrag og på land i kommunen. Er det behov for å oppdatere kunnskapen som grunnlag for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel?
 - I behandlinga av statsbudsjett for 2024 blei tilskotsordninga for ivaretaking av naturmangfald utvida.
 - Det vert no også opna for å søkje om tilskot til å revidere tidlegare vedtekne kommunedelplanar. Det vert også opna for å søkje om tilskot til å gå gjennom eldre arealplanar ("planrevisjon/planvask") for å vurdere om dei er i tråd med oppdatert kunnskap om naturverdiar.
- Vassdragsnaturen er truga. Kommunen bør planleggje for restaurering av vassdrag og våtmarksområde som er øydelagde. Innan 2030 skal Noreg restaurere 15 % av vassdragsnaturen i landet.
- Kommunen må vurdere naturbaserte løysingar for handtering av overvatn i deira planlegging. Naturbaserte løysingar for handtering av overvatn kan vere å opne bekkar, gje meir plass til vassdrag og leggje til rette for kantvegetasjon. Dersom kommunane vel andre løysingar enn naturbaserte løysingar, må kommunen grunngje kvifor dei er valde bort.

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.10 Areal, natur og kulturminne




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		- Miljøutfordringar – Klima: Gjennom klimalova har Noreg lovfesta klimamål. Innan 2030 er målet å redusere klimagassutslepp med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent frå utsleppsnivået i referanseåret 1990. - o Plan- og bygningslova § 3-1 h) ber kommunane om å ta klimaomsyn gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventa klimaendringar. - o Gjennom planarbeid kan kommunane bidra til å ivareta naturtypar og økosystem som er viktige for klimatilpassing og karbonlagring. - o I planarbeidet kan kommunane til dømes bidra til reduksjon av utslepp frå transport, busetnad, arealbruk, landbruk og avfall. Planstrategien må ta utgangspunkt i Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. - Strand/kystsoneplanlegging: Vi føreset at kommunen er restriktiv med å opne for nye byggeområde i frå før meir eller mindre ubygde område i strandsona, og viser til dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Vi rår til å innarbeide i planstrategien at strandsoneanalyse skal utarbeidast/-oppdaterast og leggjast til grunn for arealplanlegginga i kommunen, for å sikre ein berekraftig arealbruk i strandsona. - o Eit sterkt havbruksmiljø i Hyllestad: Ei eventuell prioritering i samfunnsdelen om å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring må følgjast opp i revisjonsarbeidet av arealdelen til kommuneplanen, eller aller helst ein interkommunal plan for sjøområda.	
15	Vestland Fylkeskommune	- Arbeidet med planstrategien verkar å ha god politisk medverknad. Den politiske forankringa er viktig for å lukkast med strategisk plan- og utviklingsarbeid. Vi oppmodar også gjennom prosessen med samfunnsdelen til å sikre god politisk involvering. Medverknad: Folkemøte, lag/org. Og HNR. - Kommunen må balansere trongen for brei medverknad og god forankring i høve lokale utfordringar, mål og strategiar og opp mot ein effektiv og realistisk planprosess.	Medverknad KPS: Vedlegg i Kunnskapsgrunnlag 2026-2036




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

	○ Bør ha eit godt opplegg som systematiserer informasjonsmengda – at enkeltpersonar kan sjå korleis deira innspel vert handsama (oppretthalde tilliten og framtidig engasjement til planlegginga) ○ Vi oppmodar kommunen om å vurderer om innspela som kjem inn i arbeidet med samfunnsdelen kan ha verdi for andre planar og prosjekt og systematiserast i ein database eller rapport for ombruk, for å unngå medverknadstrøttleik. Arealstrategiar: - Hyllestad er i prosess med kommuneplanen sin arealdel. På bakgrunn av nye målsetningar og strategiar i ny samfunnsdelen rår vi kommunen til å utarbeide arealstrategiar. Gjeldande samfunnsdel inneheld føringar for arealdelen, erfaringar frå desse kan gjerne nyttast ved utarbeiding av nye. ○ Arealstrategiane bør vere tydelege, som gjer dei lett å overføre til arealdel. Både utbyggjarar og kommunen er tent med tydelege arealstrategiar. Oppfølging av samfunnsdelen: - For at samfunnsdelen skal vere eit godt styringsverktøy er det vesentleg at den gir retning og har langstige mål og samstundes peiker på korleis kome dit. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel med tiltak for gjennomføringa av planen sine målsetjingar innanfor dei fire påfølgande åra eller meir, jf. plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd. Klima og miljø: - I tråd med statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skalkommuneplanen sin samfunnsdel inkludere ei overordna vurdering av om klimaendringane vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar. ○ Vi vil tipse om at de finn mange gode kjelder i vår kunnskapsbank. ○ Fylkeskommunen har dessutan eit verktøy til å nytte for framskrivingar av klimagassutslepp i kommunen. - Vi oppmodar også kommunen om å gjere vurderingar knytt til heilskapleg klimarisiko inn i arbeidet med samfunnsdelen. Klimarisiko er meir enn fysisk risiko. Ei brei	KPS 2026-2036 kap 7 Kommuneplanprosessen og medverknad KPS 2026-2036 kap 6 Arealstrategi Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.7 Klima- og miljømessig berekraft
--	---	--




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

- tilnærming til klimarisiko inkluderer korleis klimaendringane, klimapolitikk og teknologiutvikling kan påverke ein finansiell risiko for kommunen.
- Klimarisiko kan få stor betydning for kommuneøkonomi og attraktivitet for næringsliv og innbyggjarar, relatert til skader, erstatning, investering og gjennomføring. Vi må difor planlegge og leggje til rette for tiltak som kan redusere slik risiko.
 - På nettsida vår finn de Grøn skatteboks med punktvis sjekkliste og spørsmål som ein kan stille når ein lurar på kor sårbare vi er i møte med klimaendringar.
- Jordvern, naturmangfald og vassforvaltning:
- Kommunen bør definere overordna målsettingar knytt til vern av landbruksjord, vern av naturmangfald og truga artar og ivaretaking av vassførekomstane i kommunen. Desse ressursane må forvaltast i eit langsiktig perspektiv.
 - Arealbruk, og nedbygging av areal, er den viktigaste trusselen mot naturmangfald. Vern av LNF-område bør difor og sjåast i samanheng med målsetting om å verne naturmangfald og hindre reduksjon i artsmangfald. Vern av sårbare og viktige naturtypar, mellom anna strandlinje og myr, bør vere ein sentral del av dette arbeidet.
 - Godt vassmiljø er en forutsetning for alt liv på jorda og er ein grunnleggjande del av naturmiljøet, jf. FNs berekraftsmål nr. 6 (rent vann og gode sanitærforhold), 14 (liv under vann), 15 (liv på land) og 17 (samarbeid for å nå måla).
 - Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i Vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen.
 - Planen bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på vassmiljø i kommunen. Arbeidet med å nå miljømåla bør i tillegg forankrast i arealstrategien i samfunnsdelen.
 - Enkle retningslinjer i samfunnsdelen for å forankre og integrere omsynet til vassmiljø kan vere: • Vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltningsplanen og databasen vann-nett. • Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		vassførekomstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd. Kultur: - Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035 (pdf) med handlingsprogram 2023-2026 (pdf) skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd i regionen. - Den kulturelle infrastrukturen i kommunen er kunst- og kulturfag i skulen, kulturskulen, kulturarven, folkebiblioteka, kommunalt og frivillig fritidstilbod, frivilligheit elles og lokalsamfunnet sine arenaer. - o Alle desse felta er godt ivaretatt i Hyllestad kommune sin kommunedelplan for kultur vedteken i 2022. Planen skildrar det gode arbeidet kommunen gjer, som både inneheld tradisjonell kultur og idrettsaktivitet, men som også viser framsyn, utvikling og nyskaping. - o Med tanke på forenkling, redusert ressursbruk og eit tydelegare overordna styringsverktøy i ein mindre kommune som Hyllestad, oppmodar vi Hyllestad til å integrere måla frå kommunedelplanen for kultur inn i samfunnsdelen av kommuneplanen. Måla er såpass overordna og relevante for fleire sektorar. Med gode mål for kultursektoren i samfunnsplanen kan kommunen vurdere om det er nødvendig å ha ein eigen kommunedelplan for kultur. Kulturminne og kulturmiljø: - Vestland fylkeskommune legg til grunn at kulturminne, kulturmiljø og landskap er med som premissgivar for å skape gode samfunn. Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. - o Her vil vi særleg peike på gjenbruk og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø som er samfunnsnyttig både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi. Kulturminne er ressursar for å byggje samfunnet. Her har Hyllestad kommune ei viktig oppgåve med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk (sirkulær økonomi). - o Kommunen kan med fordel ta inn eigne mål og strategiar knytt til kulturminne, kulturmiljø og landskap. Desse temaa kan også tas med når det	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.8 Kultur, fritid og deltaking Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.10 Areal, natur og kulturminne
--	--	---	--



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

vert utforma mål og strategiar knytt til andre sektorar som til dømes reiseliv, folkehelse, friluftsliv, næring og oppvekst.

- Til slutt minner vi om at det er viktig å ha ei tilnærming som kan bidra til at kulturhistoriske verdier i større grad blir ivareteke, noko som kan gje positive ringverknader på kort og lang sikt både sosialt, kulturelt og miljømessig. Særpreget og identiteten til lokalsamfunna blir ivareteke, samtidig som dei klimapolitiske målsetjingane vert underbygd.

Bibliotek:


- Vestland fylkeskommune oppmodar om å sjå folkebiblioteket som ressurs i samfunnsplanlegginga. Gjennom tilrettelegging og differensiering av bibliotektenesta kan kommunen nå ut til alle, skape møte på tvers av grupperingar i lokalsamfunnet og motverke utanforskap og einsemd.
 - Forsking viser at lesing bidreg til folkehelse og livskvalitet, og biblioteket kan vere ein sentral formidlar av litteratur til alle aldersgrupper, gjerne i samarbeid med andre aktørar i kommunen

Idrett og friluftsliv:

- Tilgang til gode friluftsområder skaper også auka bulyst – og bli-lyst, som igjen er eit viktig grunnlag for næringsetablering.
- Det er viktig å sikre god tilkomst til attraktive friluftsområde, både sommar og vinter. Kanalisering av ferdsel, gjennom skilting og merking av ferdselsårer vil både skåne naturen, og gi ein trygg tilkomst for turgåarar.
 - Dette bør kome fram i arealstrategiane i samfunnsdelen til kommunen.

Krav om plan for å søkja spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet:

- Kulturdepartementet stiller krav om at kommunen må ha ein plan for å få tildelt spelemidlar, men det er opp til kommunen å velja plantype, -om dette skal vera ein kommunedelplan, temaplan eller ein del av samfunnsdelen. Det blir ikkje stilt krav om plan for såkalla nærmiljøanlegg.
- For anlegg til utøving av friluftsliv er det ønskjeleg at kommunane lagar eigne planar for ferdselsårene.
- For dei minste kommunane kan det være aktuelt å slå desse planane saman.



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram


Arkivsaksnr.: 24/391

Næringsutvikling:

- Vi viser til regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Planen har fire hovudsatsingar: Grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn, areal til næringsutvikling og kompetanseutvikling i næringslivet. Det er ein regional forventning at kommunen har strategiar knytt til desse områda.
- Plan for næringsutvikling for innovasjon er tenkt innarbeidd i kommuneplanens samfunnsdel: I tillegg kan de vise til og legge til grunn dei overordna regionale føringane på feltet, ref. regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- Samfunnsdelen: I revideringa vonar vi at de sett verdiskaping like høgt som i gjeldande plan, og held fram med å ha tematikken like tydeleg sett på agendaen i planframlegget.
 - I samfunnsdelen vil vi utfordra kommunen til å sjå på dykkar plass og potensiale i ljøs av kunnskapsgrunnlaget Vestlandsscenarioa og regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
 - Hyllestad kommune står føre ein større omstillingsprosess kor planlegging er eit viktig verktøy for å nå måla om nullutsleppsamfunnet. Som ein utfordring til kommunen i det vidare vil vi oppmode til å knyte måla om nullutslepp saman med mål om verdiskaping. Finnast det moglegheiter for vinn-vinn – synergjar? Til dømes kan det vere interessant å sjå på strategiar og tiltak knytt til sirkulærøkonomi i kommunen.
 - For næringsutvikling er rett areal, på rett stad og til rett tid er viktig for å få den utviklinga ein ønskjer. Areal er eit knapt gode. Kommunane må vera medviten gjenbruk, og gjere meir effektiv bruk av eksisterande areal. Tilgang på elektrisk kraft, veg, hamn og anna infrastruktur er avgjerande for å lukkast med næringsareal og næringsutvikling.
 - I samband med måla om å fremme verdiskaping, og samstundes sikre berekraft i brei forstand, har kommunen ein unik posisjon. Når det gjeld omstilling til eit grønar næringsliv kan det hende at verftsindustrien i Hyllestad bør sjå på korleis dei kan få ned energibruken ytterlegare, men òg ta del i den elektrifiseringa av industrien som vi er på veg inn i.

KPS 2026-2036 kap 5 Mål 6

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.6
Økonomisk berekraft og verdiskaping




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

- Eksportindustrien kan ta marknadsandelar i verdikjeder innan marine næringar som t.d. fornying til grønare skipstransport og vindmøller til hav.
- Vi ber om at kommunen i det vidare held fram med å legge til rette for nyskaping og berekraft hjå eksisterande verksemder, og samstundes legg til rette for nye. Hyllestad har eit føremon med ein solid hjørnesteinsbedrift. Samstundes kan dette gje ein sårbarheit med omsyn til svingingar i verksemda. For Hyllestad kan det difor vere nyttig å ha fokus på å styrke eksisterande verksemder, samstundes som ein reduserer sårbarheita gjennom diversifisering («fleire bein å stå på»). Kompetanse og kompetanseutvikling kan vere element i å skapa større robustheit og meir fleksibilitet i så måte. Det er positivt at de set fokus på rekruttering, og ser fleire element i samanheng med kvarandre.
 - Reiseliv er av scenarioanalysen for Vestland nemnt som ei næring kor vi har særlege føremon for å lukkast som region. Det er positivt at reiseliv er sett på agendaen, og vi vil tru at Hyllestad har eit særleg føremon knytt til naturbasert reiseliv. For ein berekraftig utvikling innan reiseliv er det viktig med eit godt samspel og interesseavveging mellom dei vitjande og innbyggjarane.
 - Verdiskaping har fleire element i seg, økonomisk, sosialt og kulturelt. I arbeidet med å fremme brei verdiskaping er samhandlinga mellom kommune, næringsaktørar og lag- og foreiningar viktig.
 - For å utvikle robuste lokalsamfunn, er samhandling og samarbeid mellom kommunen, private aktørar og friviljugheita vesentleg. Ved å dra vekslar på og å styrke kvarandre kan ein styrke den samla kapasiteten i Hyllestadsamfunnet (kapasitetsbygging).
 - LivogLyst-prosjekt i Hyllestad, ein ressurs for kommunen: Når det gjeld desse prosjekta, kan det vere erfaringar og lærdom å hauste for kommunen, som òg kan vere nyttige i det strategiske arbeidet med å leggje til rette for brei verdiskaping i kommuneplanen. Vi oppmodar til å kople på lag- og foreiningar,



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

og å leggje til rette for deling av erfaringar og vidare visjonar for grendene og Hyllestadsamfunnet.

Akvakultur:


- I forhold til utfordringane med næringsutvikling og arealforvaltning saknar Vestland fylkeskommune omtale av dei sjøbaserte næringane, og trong for tilrettelegging av næringsareal i sjø.
- Vi vil understreke at å planlegge areal for akvakultur ikkje er å planlegge for vekst. At det er tilgjengelege planlagde areal for akvakultur i kommuneplanen er naudsynt for å betre produksjonstilhøva og omstilling for eksisterande næring, og for å opne for ny aktivitet for andre artar. Det skjer mykje innovasjon og teknologiutvikling innan akvakultur. Arealbruk knytt til dette kan vere meir arealkrevjande enn tradisjonell akvakultur, og kan vere aktuelt i andre område enn dei som tidlegare har blitt sett av til akvakultur.

Samferdsel:

- Vi er positive til arbeidet som Hyllestad kommune har lagt ned i trafikkssikker kommune arbeidet, og at det er teke med vidare i samfunnsdelen.
- Kommunen bør prioritere at tiltak som bustader, idrettsanlegg, næringsverksemd eller andre føremål som er publikumsretta, blir etablert der det allereie er infrastruktur som sikra trygg skuleveg og trygg tilkomst til viktige målepunkt. Viktige målepunkt er særleg der barn- og unge ferdast til og frå, men det bør også vere tilrettelagt slik at vaksne og eldre kan kome seg trygt frå bustad til butikken til dømes. Derfor meiner vi at det er viktig kommunen bygger rundt eksisterande infrastruktur, og bør vere eit viktig prinsipp fastsett i samfunnsdelen når ein skal til meg å rullere kommunens arealdel.

Mobilitet og kollektivt:

- Vi støtter opp om viktigheita av å prioritere innsats og tiltak retta mot sentrumsutvikling og tettstaddanning. I kommuneplanens samfunnsdelen må dette følgjast opp med tydelege arealstrategiar som legg føringar for ønska arealutvikling og bidreg til berekraftig samfunnsutvikling.



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn


Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

- Prioritering av utbyggingsområde som ligg tett på eksisterande vegnett og kollektivtrasear vil vere viktig i arbeidet med å sikre trygg og attraktiv infrastruktur for mjuke trafikantar og tilkomst til haldeplassar. Etablering av gang- sykkeltilbod er ressurskrevjande i område med spreidd busetnad. Hyllestad kommune skil seg ut som den mest desentraliserte i Vestland.
 - o Kommunen har og den høgaste prosentdelen av elevar med rett til skuleskyss i Vestland grunna avstand. Dette skuldast at under 10 % av innbyggjarane har under 5 km i avstand til skulen.
 - o Satsinga på konsentrasjon av bustader, næring, tenester og aktivitetar rundt sentrumsområde i Hyllestad vil ha stor betyding for vidare utvikling i kommunen. Attraktive møteplassar og kort avstand til daglege gjeremål vil ha positiv innverknad på mobilitet og val av reisemiddel, samt folkehelse og trivsel. Særleg vil deltaking i kvardagsaktivitetar for dei utan tilgang på eigen bil bli enklare når avstandar vert redusert.
- Planstrategi:
 - Planstrategien er avgrensa til heilt naudsynte revideringar og temaplanar det skal jobbast vidare med. Hyllestad kommune er godkjent som trafikksikker kommune. For å oppnå ein slik status må kommunen jobbe med trafikktryggleik på tvers av sektorar og ansvarsområde.
 - Det er vedteke å slå saman vegplan og trafikktryggingsplan. Det er forståeleg at kommunen ønskjer å redusere talet på planer, men det er viktig at haldningsskapande tiltak retta mot trafikktryggleik også vert vidareført. Dette er tiltak som kan inngå i andre planar enn vegplanen dersom det er hensiktsmessig.
- Universell utforming:
 - Kommunen bør ta inn eigne mål og strategiar knytt til universell utforming i samfunnsdelen, gjerne kopla til mål og strategiar knytt til andre sektorar som til dømes, folkehelse og integrering, natur og friluftsliv, næring og reiseliv, bustadkvalitet og byutvikling, mobilitet og transport, med meir.

Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.9
Samferdsle og infrastruktur

Private uttalar




Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

9	Eide Hamnelag	I tillegg til på ferdsle på veg, skjer samferdsle i Hyllestad kommune på sjø. Her finnes område med eigedomar i aktiv bruk som ikkje har veg. Hamna på Eide nyttast som knutepunkt mellom veg og sjø, med fortøying av båtar og oppstilling av bilar. Fjordkryssingane skjer med båt i rute og private båtar. - Bustad med gardsdrift: Transport av folk og varer både innkjøp til garden og levering av gardsprodukt. Det er bu- og driveplikt på Porten. Om ein er noko framsynt, kan ein sjå at det ikkje er god politikk å motarbeide samferdsle her. - Rutebåt. - Privat båt-trafikk og bestilt båtskyss til eigedomane Porten, Storaker, Sagosen, Indre Skorpa og Ytre Skorpa. - Turisttrafikk: Til dømes ca. 100 hjorteløyve på sørsida av fjorden, en god del av desse vert leigd ut til turistar, ei næring som kan utvidast med eignasamferdsle. - Legetransport og heimesjukepleie. - Skuleskyss. - Turisttrafikk med øy-hopping. Hamneforholda på Eide er ikkje bra. - Folk og varer må opp og ned frå båt via ein jernstige fleire meter, gjennom eit bustadtun med stigning 1:7 og drøyt 200 meter til parkeringsmogelegheit. Sjå nærare i lovverket om slikt. - Ein skal ta høgd for ulike personar både born, unge og eldre, spreke og mindre spreke, rørslehemma, osv. Om dette finns det lovverk. - Vi ber om at det blir lagt inn tydelege føringar i kommuneplanen med formål å sikre gode og trygge hamnetilhøve på Eide, -etter dagens regelverk, slik at samferdsle over fjorden kan oppretthaldast i framtida. Dette ber vi om på vegne av både hamnelaget og eit heilt bygdesamfunn i den ytre del av kommunen.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.9 Samferdsle og infrastruktur Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.10 Areal, natur og kulturminne
10	Bård Flattun Lilleeng	- Planstrategien legg vekt på folkehelse. Det er bra. Men utydlege kvar ein skal ha konkrete planar knytt til folkehelseområdet. Det er ein omtale saman med natur og	



Hyllestad Kommune

Høyringsinnspel – Plan og Samfunn

Planstrategi og Planprogram

Arkivsaksnr.: 24/391

		miljø, medan viktige tema og verkemiddel knytt til folkehelse ser ut til å inngå i kulturplanen; idrett og fysisk aktivitet og trivsel t.d. - Skal folkehelse vere eit tema i samfunnsdelen av kommuneplanen på overordna nivå eller burde det vere eit eige kapittel om folkehelse i kulturplanen? - Folkehelse er mykje meir enn det som naturleg inngår i ein Helse- og omsorgsplan, så det er kanskje ikkje det rette staden. - Når det gjeld folkehelseprofil for Hyllestad og Ungdata: I planstrategien vert det berre konstatert høg andel som leiger bustad, utan å nemne kva det har å sei for folkehelsa eller underliggande årsak i Hyllestad. - Rolf har laga ein presentasjon om tema. Kan bruke den om ein ynskjer å spisse/begrunne/forklare funna i undersøkinga for å fylle ut.	Kunnskapsgrunnlag 2026-2036, kap. 2.5 Sosial berekraft: Folkehelse KPS 2026-2036 kap 5 Mål 4
13	Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	Vil gjerne delta i planarbeidet, spesielt når det gjeld aldersvenleg lokalsamfunn. Dei har fyljande punkt dei vil ha inn i planstrategien: 1. Planlegge for aldersvenleg og livskraftige miljø. 2. Planlegge gode tiltak for aldersvenlege kvalitetar. 3. Vidareføre satsinga på aldersvenlege lokalsamfunn og vektlegge "Bu trygt heime" i tråd med føringar i Stortingsmeldinga. 4. Skape gode møteplassar for alle. 5. Forbetring i kollektivtransporten. 6. Forbetring i digital inkludering og kompetanse.	Dialogmøte 7/10/2025. KPS 2026-2036 kap 7 Kommuneplanprosessen og medverknad